

ÅRSMELDING 2025

SULDAL BYGDEKVINNELAG

Medlemstalet pr. 01.10.25 er 38, dvs. 1 ned frå i fjor.

Styret har i år hatt desse medlemmene:

Ellen Jensen Roalkvam – leiar/kontaktperson

Gyrid Bakka – kasserar

Valborg Sandal – styremedlem

Björg Marit Øvrebø – styremedlem

Eli Torill Bergjord – skrivar

1. vara: Eli Ullestad Herabakka

2. vara: Marta Hoftun Vik

Varamedlemmene møter berre etter særskild innkalling.

Styret har hatt 6 møte og behandla 31 saker. I år, som i fjor, er det halvtårsplanane som har tatt mest tid. I år var det også ein del arbeid med førebuing av fellesmøte mellom alle dei fire bygdekvinnelaga i Suldal. Det var laget vårt som var initiativtakar til fellesmøtet.

Björg Marit Øvrebø var utsending til årsmøte i Rogaland bygdekvinnelag. Den andre utsendingen vår måtte melda avbud pga sjukdom. Møtet var i år lagt til hotell i Haugesund.

26.10.24 var det lokallagssamling på Judaberg i regi av Rogaland bygdekvinnelag. Dette var ein laurdag, og Gyrid Bakka og Eli Torill Bergjord deltok. Dei fleste laga i fylket stilte med minst eit par medlemmer, og det var både lærerikt og sosialt. Me fekk m.a. opplæring/oppfrisking i lovar, forskrifter og korleis leie eit bygdekvinnelag.

MEDLEMSMØTE

📺 Julemøte. 28.11.24 var det julemøte på Skattkammeret, Nesflaten, der 22 medlemmer møtte. Før møtet køyrde me innom All Verdas Butikk og fekk handla litt julegåver m.m. Risengrynsgraut stod på menyen på møtet, med spekemat til for dei som ynskte det. Til kaU'ien blei det servert suldalslefse. Me hadde oppmoda medlemmene om å delta med opplesing e.l. Me fekk

både Prøysenstubbar og gode historier elles. I tillegg fekk me bruka hjernen på ein quiz.

📖 Bokmøte. Den 20.01.25 var det bokmøte på biblioteket. Valborg Sandal orienterte om aktuelle bøker, og ho hadde laga oversikt på papir. Veldig greit både for dei som ikkje kunne møta denne kvelden og som oversikt når me skal låna bøker. Det var også høve til å låna bøker etter orienteringa. 19 medlemmer møtte.

📖 Fellesmøte. 05.02.25 var det tid for fellesmøte mellom alle dei fire bygdekvinnelaga i Suldal og laget frå Hjelmeland. I tillegg møtte representant frå Rogaland bygdekvinnelag. Møtet fann stad på kulturhuset på Sand. I alt møtte det 63 medlemmer. Laga hadde eit par planleggingsmøte og fekk delt på oppgåvene med matlaging og tilrettelegging/pynting. Kvart lag hadde med 5 gevinstar til utlodning. Det blei servert suppe med brød, kaU'i og kaker. Kvart lag hadde fått i oppdrag å fortelja litt om korleis dei driv laget sitt, og det var ein del gode idear å ta med seg. Suldal bygdekvinnelag leia møtet, som må seiast å vera veldig vellukka.

📖 Strikk og lyrikk. 19.03.25 hadde me medlemsmøte på «ungdomslokalet» på Suldal samfunnshus. Tema for kvelden var strikk og lyrikk. Det møtte 21 medlemmer – dei aller fleste med strikketøy i fanget. Og medlemmene svikta ikkje når et galdt opplesing heller. Me fekk både høyra Alf Prøysen, Torvald Tu og fleire fine dikt. Det blei også tid til den quizen som me ikkje fekk tid å ta på fellesmøtet (laga av fylkesstyret).

📖 Potetkakebaking. 03.04.25 var det tid for potetkakebaking på skulekjøkken. Valborg Sandal synte korleis ho gjer det. Det deltok 12 medlemmer. Veldig vellukka kveld og knallgode potetkaker.

📖 Idear til bruk av restemat. 23.09.25 var det medlemsmøte der temaet var idear til bruk av restemat v/ kokk Silje Katrin Lunde. Det møtte 22 medlemmer. Me fekk mange gode tips og idear, m.a. sylta ho rødløk, laga paprikasaus, suppe av restar av kokte blomkål/ broccoli/poteter, kjøtbollar, steikte kyllingfileter, tomatsuppe. Og me fekk smaka på alt. Ingrediensene var ei blanding av medbrakte restar frå medlemmene og innkjøpt, billeg mat som var i ferd med å gå ut på dato.

📖 Årsmøte. På årsmøte den 23. oktober blir Ronny Mehus Rugland med oss for å informera om Suldal sin beredskapsplan. Eit spørsmål er om bygdekvinnelaget kan bidra med noko i ein evt. krisesituasjon.

TURAR

- 🏠 Gåtur. 07.05.25 var det planlagt tur for medlemmene frå filialen – Bydalen. Det møtte berre 3 damer som ville på tur denne dagen. Dei tok ein noko kortare tur.
- 🏠 Tur til Hjelmeland. 14.06.25 var det tid for tur til Hjelmeland, m.a. med besøk hjå kunstnar Hilde Thomsen på Fister. Ho hadde mange fine ting å selja, og fleire kom nok heim med ein stilig hønekalender for 2026. Det blei også tid til ein liten tur til Helgøy, der det m.a. var ein gardsbutikk. Deretter gjekk turen til Vormedal, der Janneke Wijgergangs og mannen driv gard. Ho hadde varme grillar då me kom, og me hadde medbrakt eigen grillmat. Etterpå blei det omvising og orientering om gardsdrift, kraftverk m.m., og til slutt blei det servert kake og kaŮi. I alt deltok 16 medlemmer på turen.

DUGNADAR M.M.

11. juni stod laget for tilrettelegging på samfunnshuset, servering og oppvask på kommunen sin sommarfest, som denne gong var på Suldalsosen. 8 medlemmer var med, og me fekk inn kr 8 000,- til laget.

15. september tok laget på seg å servera kaker og kaŮi på Suldal samfunnshus, i samband med lansering av ny bygdebok. Me var 4 frå styret som serverte heimelaga kaker og kokte kaŮi for ca. 150 frammøtte. Kr 4 700,- til laget.

3 medlemmer stod for pynting av kyrkja ved hausttakkegudstenesta 21. september.

Bokbad på dagsturhytta på Bjødlenuten 5. oktober. 4 medlemmer bakte 25 bollar kvar til dette arrangementet. Deltakarar: Sigrid Sandberg (forfatter), Judith Littlehamar (journalist), Veerle Haug Tieghem (musikk), Suldal bygdekvinnelag (servering av bollar).

GÅVER

Gitt salatbestikk til 4H-klubbane på Nesflaten og Suldalsosen

10. oktober 2025

Styret